

# GOMMOHELG I HOVET 8.-10. MARS 2014

Arrangør: Hovet Bygdekvinnelag – 75 år i år!



**GOMMO**  
kvinnebonde og samfunnsbyggjar

Liten, lett på foten og rask i snue  
kring med riva

snille augo  
varme brød  
varme hender  
varme klemmar

ein stor rund mage  
som eg trudde  
det alltid budde ein bebi inni  
då eg var liten

ein mage som arbeidssame,  
falda hender  
kvilte oppå  
når ho som snøggast  
fekk sett seg nedpå



eit lite bel





God plass i kjellaren på Fjellheim...


..men ting til GOMMO-utstillinga renn inn og snart fyllest rommet med alle slags tølu, kleu, smykke, bøka, kjela, teppu, fella, vev, separator, bakstøfjøla, kjevlvlu, hettu og bildu - alt for å dokumentere gommo sitt travle liv, som la grunnlag for vekst i heim og bygd...



...utan at nokon skreiv om det eller ga ho ære i bygdebøkar eller landbrukshistorie. Ho var usynleg i det offentlege rom.

Vi takkar henne for hennarsbidrag til det velferdssamfunnet vi lever i og mest tek som sjølvsgagt i dag. Men ingenting kom rekande på ei fjøl....

I Hemsedal har dei skrive bok om kvinnelivet...les!





Brit og Eva strir med laussarmer i fleng! Skulderhekta slo seg vrang. Denne reservedels-dama er ikkje lett halde styr på! Men då over- og underarm (minus hændadn!) var på plass, var Lukris godt nøgd med resultatet. Fotos: Siv Larsgard.

Det er i Hovet det skjer, 8. mars-helga – 3 heile dagar til endes heidrar vi GOMMO - med Hovet bygdekvinnelag som initiativtakar og arrangør – inspirert av boka Kvinneliv i Hemsedal og låvebildra frå Leveld.





Kvinneportrett. Anne Augunet med  
mor Birgit Halstengard  
Stad: Augunet, Høvet  
Tidspunkt: 1966  
Utlåner/eigar: Johanson



Stølsliv. Gunhild Larsgard og Kjellaug Brekke  
Stad:   
Tidspunkt:   
Fotograf:   
Utlåner/eigar: Siv Larsgard



Hol Bygdearkiv hjalp oss med mange flotte GOMMO-bilder frå gamletida, og vi takkar for det!

Ikkje alle var kvinnebønder. Like mange var dei nok, tenestjentene, som var den største kvinneyrkesgruppa i Norge på slutten av 1800-talet og til eit tiår eller to på 1900-talet. Det dei hadde felles, var slitet, og sikkert også mykje glede! Mange kom utanbygdsfrå – fleire gifta seg i bygda og vart her.



HBK-leiar Vigdis og Solvår – sjå kor fint det blir



Foto: Siv Larsgard

Dei gamle arkiv-bileta i utstillinga nede gjorde stor lukke! Uppe vart det smurt mat og pynta bord – alt i raskt og kontrollert tempo! Vakkert og velsmakande. Etterkvart som vi vart ferdige i kjellar og sal, senka roe seg over kjæringane, som hadde børe, vurdert, montert og lagt på plass etter tema, som hadde gjort klart til mat og svall. ... Tidleg krøkjast...Lukris lurar på når mama bli ferdig?



Siv



Dei tok seg god tid i kjellaren, dei om lag 70 fram møtte. Bilder og tølu vart studert og kommentert, men etterkvart steig dei opp i salen, til program med hylling av gommo i stev og sang, hulling og spel. Jorun Grøgård og venninna Nina Byttingsmyr, studentar ved Høgskolen i Telemark/ Rauland, heimkomen nesten eins ærend for å vera med på Fjellheim 8. mars 2014!

Brit Kaupang tok oss med på stølen i ord og bilder. Det er godt det går mot sumar, for lengten etter sumarfjellet auka monaleg medan Brit snakka!

Etterkvart kom maten på bordet, med kaffi og god svall rundt borda. Det var loddsal og trekning av mangt og mykje på premiebordet.

Kvelden vart avslutta med allsang med Ola Ruud ved pianoet – Per Sivles «Den fyrste song».

Hovet Bygdekvinnelag takkar Jorun, Nina, Brit og Ola!





Sundag 9. mars viste vi den saudi-arabiske filmen «Den grønne sykkelen». Filmen er prisløna. Wadjda, 11 år, uredd og nysgjerrig, vil så gjerne kjøpe seg ein grøn sykkel som ho har sett og som ho ynskjer seg over alt på jord.

Av lærarane blir ho sett på som ein bråkmakar, og dei undrar seg, då ho melder seg på ein konkurranse om Koran-resitasjon. Premien var 1000 riyal – sykkelen kosta 800...

Men i Saudi-Arabia har ikkje jenter og kvinner lov å sykle! Filmen er ein kritikk av den eineveldige kongen og styreforma i landet, men gjort av ein regissør som elsker landet sitt og vil det vel (Haifaa Al Mansour).

Den siste replikken i filmen er: Ta meg att om du kan! Det er Wadjda si ertande helsing til venen Abdullah. Ho hadde sett moglegheitene! Sykkelen vart hennas.

No er forbudet mot jente-sykling oppheva i Saudi-Arabia. Det skuldast filmen «Den grønne sykkelen». Jenter og kvinner må bryte normer for å koma vidare! Og kunsten kan flytte fjell!

Jentene må bera hijab eller sjal som dekkar hår og hals så snart dei er store nok til at menn kastar sine augo på dei i Saudi-Arabia. Kvinnene må bera niqab, som dekkar alt utan augo.

Bildet til venstre er frå utstillinga på Fjellheim 8. mars, den internasjonale kvinnedagen. Ein kommentar til hoveudet var: Så vakkert – ser jo nesten ut som ein hijab, jo! Hetta er norsk som noko, og minner oss om at også hjå oss skulle kvinnene dekke til håret sitt – av praktiske grunnar, ja, men også for ikkje å friste menn med kvinnehåret utildekt!

Liv Marit Goldstein (f. Dalen) fortel at ho aldri såg håret på gommo si, Oliva Dalen, endå dei budde i same hus då Liv Marit vaks opp. Oliva sitt hår såg ho fyrste gong då gommo hennar var gamal – på eit bilde i Ågot Noss si bok «*Nærbilete av ein draktskikk*», 1992.

Endringar tek tid og må få gå i den farten som trengs – utan alltid å få kommentarar om kor seint det går frå oss som har arbeidd oss gjennom endringane. Endringar som fører til større fridom for jenter og kvinner.





Medan fortida var i søkelyset laurdag 8. mars, og turen søndag gjekk ut i verda langt borte, var måndag 11. mars ungane – framtida – sin dag. Her er det småskulaungane som lyttar og ser, spør og kommenterer. Dei var nysgjerrige, akkurat som Wadjda, og Brit Kaupang viste og fortalte levande om nokre av tinga i utstillinga.



Store og små ungar samlar seg om Liv Øvrejordet for å lære om veving.

Morot prøve sjøl!

Dette er ikkje kvardagen for dagens ungar – som det var det for ungene som vaks opp i bygda for eit par generasjonar sidan.

Det var Irene Grøgård som sørgra for å seta opp veven – mykje arbeid, sjølv for ein ekspert på veving!

Fotos: Siv Larsgard





Ungane i barnehagen i Hovet fekk avslutte GOMMO-helga. Dei sat som tente lys då Eva Almhjell las og fortalde frå boka PER GJETAR (av Olav Sletto). Ungane kom på egne opplevingar dei gjerne delte med oss andre – det vart spennande. Og Brit Kaupang var med - bak sceneteppet - i rolla som åre som plaskar i vatn, kymbjelle og som budeia Storeundra.



**Hovet bygdekvinnelag takkar for bygda si oppslutning om GOMMO-helga. Ein spesiell  
takk til alle i dugnadsgjengen som gjorde realiseringa av draumen om ei GOMMO-helg  
mogleg. I arbeidsgruppa sat Siv Larsgard, Brit Kaupang og Eva Almhjell.**



## **GRATULERER MED DEI 75, HOVET BYGDEKVINNELAG, OG GRATULERER MED EI SVINGANDE 8. MARS-HELG!**

Her er leiaren, Vigdis Grøtt (i midten) med Søsse Brattaker og Astrid Kleppo (t.v.), og Guri Runningshaugen og Liv Øvrejordet (t.h.). Foto: Siv Larsgard

Eva Almhjell har laga biletmontasjen, 13.3.14. Der anna ikkje er opplyst, er det også ho som har tatt bilda.

Foto t.v.: Knut Johannes Bry

